

**Enda finare i Korsnes!**

28.08.2009

**Det vert stadig finare i området rundt ballbingen i Korsnes. Etter at ungdommar rydja området rundt og beisa bingen i sommar, har det skjedd ei ny ansiktsløfting som ein ikkje kan unngå å leggja merke til.**

På oppdrag frå Korsnes Vel med Tor Edward Taranger og Oddmunn Soldal i spissen, har Br. Musland Maskin planert og pynta opp området bak eine målet. Der er og plassert benk og bord og ei sandkasse.

Dette er ein ypperleg plass for foreldre, småsøsken og andre når nye rekriuttar øver seg på fotball i bingen. Dette har verkeleg vorte eit fint anlegg.

I sommar har dei to eldsjelane også bygd ny badeplattform i Gullvikjo. Korsnes Vel og dei to fortener verkeleg ros for innsatsen, seier fleire i området til uskedalen.no